



Arkivnr: 2018/16776-1
Saksbehandlar: Bernt Stian Vik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		06.12.2018

Bruk av Oslomodellen i Hordaland fylkeskommune sine kontraktar

Samandrag

Fylkestinget fatta i sak PS 105/2017 følgjande vedtak:

«Fylkestinget ser at Hordaland må bidra i kampen for eit seriøst og anstendig arbeidsliv, samt sikre fleire yrkesfagselevar læreplass. Difor skjerpar fylkeskommunen krava til eigne innkjøp. Det innføres eigne seriositets- og lærlingkrav etter den såkalla Oslo-modellen.»

I e-post datert 20.09.18 ber representanten Kari Bernardini om ei politisk sak knytt til innføring av den såkalla Oslo-modellen, og har i e-posten lagt ved dei elleve hovudpunkta i modellen og ber om ei tilbakemelding på status for desse.

Fylkesadministrasjonen er særst positiv til innføring av strengare seriositetskrav for å sikre eit seriøst og anstendig arbeidsliv, og for å motverke at fylkeskommunen sine leverandørar driv med sosial dumping eller anna arbeidslivskriminalitet. Innkjøpseiningane i Hordaland fylkeskommune har i stor grad innført hovudpunkta Oslo-modellen. I dei få tilfella kor innkjøpseiningane har valt å ikkje innføre Oslo-modellen sine krav, er dette basert på grundige vurderingar av konsekvensane kravet vil få for våre leverandørar og fylkesadministrasjonen.

Innkjøpsseksjonen har innført alle punkta. Eigedomsavdelinga og Bybanen Utbygging har innført alle krav, unntatt to. For Bybanen Utbygging har det vore naudsynt å tilpasse ytterligare to krav til marknaden Bybanen Utbygging kjøper arbeid frå. Skyss har i varierende grad innført hovudpunkta i Oslo-modellen, som følgje av at desse i liten grad er relevant for transportkontraktar. Relevante punkt er innført i Skyss sine kontraktsmalar.

Økonomi: Ingen konsekvensar slik Oslo-modellen vert nytta i dag.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Oversikt over bruk av Oslomodellen

Fylkesrådmannen, 21.11.2018

Bakgrunn

Fylkestinget fatta i sak PS 105/2017 følgjande vedtak:

«Fylkestinget ser at Hordaland må bidra i kampen for eit seriøst og anstendig arbeidsliv, samt sikre fleire yrkesfagselevar læreplass. Difor skjerpar fylkeskommunen krava til eigne innkjøp. Det innføres eigne seriositets- og lærlingkrav etter den såkalla Oslo-modellen.»

I e-post datert 20.09.18 ber representanten Kari Bernardini om ei politisk sak knytt til innføring av den såkalla Oslomodellen, og har i e-posten lagt ved dei elleve hovudpunkta i modellen og ber om ei tilbakemelding på status for desse.

Fylkesadministrasjonen er sær s positiv til innføring av strengare seriositetskrav for å sikre eit seriøst og anstendig arbeidsliv, og for å motverke at fylkeskommunen sine leverandørar driv med sosial dumping eller anna arbeidslivskriminalitet. Det har dei siste åra vore fleire saker i Noreg kor leverandørar har utnytta tilsette, brote arbeidsmiljøvgjevinga eller skattelovgjevinga, og som følgje av desse brota har vunne offentlige kontraktar. Fylkesadministrasjonen ynskjer at det skal vere ein rettferdig konkurranse om fylkeskommunale kontraktar mellom seriøse leverandørar som er oppteken av kvalitet og tek samfunnsansvar på alvor.

Forståing av fylkestingets sitt vedtak

Innkjøpseiningane i Hordaland fylkeskommune,; Innkjøpsseksjonen, Skyss, Bybanen Utbygging og Eigedomsavdelinga, har i stor grad innført hovudpunkta i Oslomodellen i einingane sine kontraktsmalar. Fylkesrådmannen har tolka fylkestinget sitt vedtak i sak PS 105/2017 slik at fylkesadministrasjonen ikkje blei beden om å innføre alle krava i Oslomodellen i fylkeskommunen sine kontraktar, men at fylkesadministrasjonen, basert på ordlyden i vedtaket, blir gjeven moglegheit til å tilpasse seriositetskrava til lokale tilhøve. Tilpassingane er basert på grundige vurderingar av konsekvensane kravet vil få for våre leverandørar og fylkesadministrasjonen.

Innføring av hovudpunkta i Oslomodellen

For innkjøpseiningane som inngår kontraktar innan bygg og anlegg; Eigedomsavdelinga og Bybanen Utbygging, er det to av hovudpunkta som ikkje er innført. Dette gjeld for det første Oslomodellen sitt krav om at leverandøren berre kan nytte eitt ledd underleverandørar i kjede under seg. Punktet er ikkje innført som følgje av at det er usikkert om punktet er lovleg, samstundes som punktet ikkje er tilpassa kontraktmodellane og marknaden som både Eigedomsavdelinga og Bybanen Utbygging nyttar. Endringa vil ikkje vere mogleg å gjennomføre utan at talet på tilsette i dei to einingane aukast vesentleg.

Det andre punktet som ikkje er innført, er punktet om at leigde arbeidstakarar frå bemanningsbyrå skal sikrast tariff løn mellom etterfølgjande oppdrag. Punktet innførast ikkje som følgje av at punktet vil vere kostnadsdrivande for fylkeskommunen og pålegg våre leverandørar eit kontrollansvar og erstatningsansvar i ein tidsperiode kor våre leverandørar ikkje har moglegheit for å kontrollere og påverke bemanningsbyrå sine handlingar.

Skyss har i varierende grad innført punkta i Oslomodellen. Dette skuldast at punkta i Oslomodellen i hovudsak er ei utviding og utvikling av «seriositetsbestemmelser for bygg og anleggskontrakter» utvikla av direktoratet for forvaltning og ikt (Difi) i samarbeid med mellom anna KS og Fellesforbundet. Punkta er difor i avgrensa grad relevant for transportkontraktar. Dei relevante punkta er innført.

Sjå matrise vedlagt saka for nærmare informasjon om innføring av det ein skilde hovudpunkt.